



Grusbana kan nyttast til mangt

Uskedalen manglar slett ikkje planar om anlegg som vi kan søkje om spelemidlar til. Dette var ein klår konklusjon under møtet til Uskedal Utvikling i Gamleskulen i kveld. Men for at også vi skal komma i posisjon i kampen om midlane må det planar på bordet for utgreiing,

Den prosedyren går vi no fohåpentleg inn i. Det vart føreslege vald ei frittstående gruppe til å ta seg av oppgåva, slik til dømes Valeparken har gjort, og nøkkelpersonar i idrettslaget tek seg av saka i fyrste omgang. Det bør lagast ein plan med prioritering.

Linda Øen frå kulturkontoret i kommunen orienterte om spelemidlane og tok fram Valeparken som eit positivt døme på anleggsutvikling saman med Rosendal idrett- og fritidspark og Fjellbergparken. I Rosendal er apejungelen bygd ferdig og i Fjellbergparken er det planer om skøytebane med amfi.

Spelemidlane går dels til ordinære anlegg og dels til nærmiljøanlegg. Eit døme på dei første er Heio der det er planar om opprusting av garderobeanlegget. Øen peika ikkje minst på at mange har satsa på ballbingar i det siste - gjerne i kombinasjon med fotballbanar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen